

ÅRMELDING 2015



Foto: Espen Mills og MiSF

STIFTINGA
**MUSEA I SOGN OG
FJORDANE**

INNHALDSLITE

1. ÅRMELDING FRÅ STYRET	3
2. FAGLEG AKTIVITET I MUSEUMSASVDELINGANE	7
2.1 Fornying/samfunnsrolle og fleirkultur <i>Strategimål: Museet skal vere fagleg oppdatert og ha vilje og evne til å utvikle seg i takt med endringane i samfunnet.</i>	7
2.2 Forvaltning <i>Strategimål: Museet skal vere eit viktig samfunnsminne, gjennom systematisk å samle inn, bevare og gjere tilgjengeleg materielle og immaterielle minne for noverande og framtidige generasjonar.</i>	9
2.3 Forsking og kunnskapsutvikling <i>Strategimål: Skape betre fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling gjennom forsking og kunnskapsutvikling.</i>	12
2.4 Formidling <i>Strategimål: Alle avdelingane i museet skal vere gode møteplassar, formidle kunnskap og gje spennande opplevingar til publikum og brukarar i alle aldrar.</i>	12
3. BESØKSTAL 2015	15
4. OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2015	17
5. ÅRSREKNESKAPEN 2015	19
6. BUDSJETT 2016	31





Foto: Espen Mills, SUM, DHS-SF

1. ÅRMELDING FRÅ STYRET

ORGANISERING OG STIFTINGA SINE OPPGÅVER

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma. (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving). Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr.100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta inn Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter, med verknad f.o.m. 2013.



Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtekten, vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane). Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og eit styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette.

Etter rådsmøtet 10.06.2015, har styret vore samansett av:

Valde av Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Styremedlem:	Harry M. Mowatt, leiar	LEIRVIK I SOGN
Varamedlem:	Hilde Kvamsås Aa	EIKEFJORD
Styremedlem:	Laura Kvamme, nestleiar	FJÆRLAND
Varamedlem:	Erland Fagermoen	BALESTRAND

Valde av rådet:

Styremedlem:	Arild Hartman Eriksen	DALE I SUNNFJORD
Varamedlem:	Vidar Grønnevik	FLORØ
Styremedlem:	Olve Grotle	FØRDE
Varamedlem:	Hege Lote	SANDANE
Styremedlem:	Hanne B. Oftedal	SANDANE
Varamedlem:	Anders Ryssdal	SANDANE

Valde av dei tilsette:

Styremedlem:	Ingrid Norum	JØLSTER
Varamedlem:	Ole Fredskil	KAUPANGER
Styremedlem:	Steinar Evebø	SANDANE
Varamedlem:	Bjørn Fjellheim	FLORØ

Styret

Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtalar elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnnsbreva frå offentlege styresmakter. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum har i meldingsåret sendt søknad til Lotteri og Stiftingstilsynet om å bli fusjonert med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Det har vore handsama 39 styresaker i meldingsåret.

Administrasjonen

Administrasjonen i Musea i Sogn og Fjordane har i meldingsåret hatt fire tilsette i tillegg til direktør, og er lokalisert i nye og godt tilrettelagde kontor ved Nordfjord Folkemuseum på Sandane. I meldingsåret har administrasjonen arbeidd med å vidareutvikle organisasjonen, og legge til rette for god leiing og økonomistyring. I tillegg har ein arbeidd aktivt med fleire oppgåver:

- Nye driftsavtaler og driftstilskot med kommunane
- Ferdigstilling av Norsk Reiselivsmuseum
- Fellesmagasin for MiSF / Utbygging av Sunnfjord Museum
- Utbetring av betongskaden på Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum, avd. Astruputnet
- Vurderinger omkring nye driftseiningar
- Rekruttering av nye tilsette

Nye driftsavtaler og driftstilskot med kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune sa i januar 2014 opp tidlegare driftsavtaler med Musea i Sogn og Fjordane og kommunane i fylket, og vedteke å redusere driftstilskot for 2014 med til saman 3,1 mill. i perioden 2015-2017. Ei arbeidsgruppe sett ned av KS Sogn og Fjordane, har saman med museet arbeidd for å få på plass nye driftsavtaler og driftstilskot gjeldande frå 01.01.2017.



Nytt museumsbygg for Norsk Reiselivsmuseum

Norsk Reiselivsmuseum flytta inn i det nye museumsbygget i Balestrand i 2015. Arbeidet med å førebu utstillingar i det nye museet og krevjande byggtekniske utfordringar har gjort det vore nødvendig å utsette utstillingsopninga til sesongen 2016. Den samla utstillingsplanen er ambisiøs og lista er lagt høgt for eit utstillingskonsept som skal "kommunisere" med det arkitektoniske uttrykket i bygget.

Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand Foto: Ivan Brody

Fellesmagasin for MiSF/Utbygging av Sunnfjord Museum

Musea i Sogn og Fjordane har store utfordringar i høve magasinkapasitet og det hemmar avdelingane i arbeidet med samlingsforvaltning. Skisseprosjektet «Kløften» (Bystrup Arkitekter og Designere) for fellesmagasin og utbygging av Sunnfjord Museum, vart i 2013 gjennomarbeidd for kostnads-reduserande tiltak. Trass reduksjon i kostnadane til «Kløften», signaliserer fylkeskommunen at prosjektet er for ambisiøst i høve den økonomiske situasjonen fylkeskommunen no er komen i, og vedtok våren 2015 at alternative løysingar skulle utgreiast. Musea i Sogn og Fjordane har arbeidd aktivt for å finne aktuelle løysingar, og på tampen av året hadde museet ei delt løysing med «Kløften» med eksternt fellesmagasin klart. Alternativet må vurderast av fylkeskommunen og museet.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane / utbetring av betongskade

Utbettingsarbeidet av betongskadane på dei to administrasjonsbygga var fullfinansiert i 2014. Arbeidet med detaljprosjektering, anbodsinnhenting og kontraktskriving var fullført sommaren 2015. Samla budsjetterte prosjektkostnader er kalkulert til i overkant av 7,2 mill. inkl. mva. Utbettingsarbeidet starta hausten 2015 med ein prosjektperiode på rundt 6 månader.

Utbetring av betongskaden ved Kystmuseet. Foto: Kystmuseet



Sogn og Fjordane Kunstmuseum – avdeling Astrupunet

På initiativ frå Sparebankstiftelsen DnB og i samarbeid med Jølster kommune og Musea i Sogn og Fjordane, vart det i 2015 sett ned ei forprosjektgruppe for vurdering av status og utvikling av Astruptunet ved Sandalstrand i Jølster. Første steg i prosessen er ei historisk skildring av hagen og forslag til ein plan for bevaring.

Astrupunet Foto: Espen Mills

Landskapsarkitekt og hagehistorikar Ingeborg S. Mellgren Mathiesen i firmaet Arkadia Landskap er engasjert til å gjennomføre registreringar, kjeldegranskning og dokumentasjonsarbeid. Sparebankstiftelsen DnB har sett av 2 mill. kroner til dette dokumentasjonsarbeidet og det er etablert ei styringsgruppe som er sett saman av Sparebankstiftelsen DnB, Jølster kommune og Musea i Sogn og Fjordane

Vurderingar omkring nye driftseininger

Musea i Sogn og Fjordane inngjekk intensjonsavtale med Stiftinga Måløyraidsenteret i 2013. Dei to stiftingane vil i 2016 avklare om Måløyraidsenteret kan verte ei driftseining frå om med driftsåret 2017. I 2015 løvvde Kulturdepartementet 2,0 mill. kroner til investeringar for etablering av Måløyraidsenteret og 0,6 mill. til drift av senteret. Tilskota er kanalisiert gjennom museet. Søknad om investeringsmidlar i 2015 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart ikkje imøtekome.

Rekruttering nye tilsette

Musea i Sogn og Fjordane har i meldingsåret tilsett 10 nye medarbeidarar. To formidlarar, marknadskonsulent og avdelingsleiar tok til i stillingane i 2015, medan museumsteknikar, kafé-ansvarleg, personal- og rekneskapskonsulent, to avdelingsdirektørar og direktør startar i 2016.

DRIFFT

Fordeling av offentlege driftstilskot

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2015, fordelte seg slik

Statstilskot	kr.	33 667 000	(63 %)
Fylkestilskot	kr.	15 179 000	(28 %)
Kommunetilskot	kr.	4 765 397	(9 %)
Sum	kr.	53 611 397	

Staten er den største tilskotsytares, og har lagt inn føresetnaden om at regionen dekkjer 40 % av det samla offentlege driftstilskotet. I 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtak om å endre sin prosentdel frå 31 til 25 av det regionale driftstilskotet utan at kommunane har auka sin prosentdel frå 9 til 15. Dette har ført til ein samla nedgang i det regionale driftstilskotet i år 2015.

Økonomi og drift

Framlagt rekneskap for 2015 syner eit årsresultat på kr. -169 869 som vert dekka av avsett eigenkapital. Likviditeten er god. Føresetnaden for framhald av drifta er til stades og dette er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Budsjett 2016

Styret har vedtatt eit budsjett for året 2016 i balanse og vil arbeide etter det.

Arbeidsmiljø og likestilling

Det har ikkje vore registrert personskadar i 2015 og sjukefråveret var på 3,1 %. Arbeidsmiljøet i stiftinga er tilfredsstillande. I stiftinga har det i 2015 vore 50 fast tilsette. Av desse er 27 kvinner og 23 menn. I styret er det 3 kvinner og 4 menn.

Ytre miljø

Stiftinga si verksemrd forureinar ikkje det ytre miljøet i nemneverdig grad.

Oppsummering

2015 har vore eit godt driftsår for Musea i Sogn og Fjordane med høg aktivitet. Styret vil her få nytte høve til å takke alle tilsette, eigarstyra i avdelingane, valde representantar i museets styrande organ, samt offentlege og private tilskotsytarar, samarbeidspartar, lag og organisasjonar og frivillige for godt utført arbeid og konstruktivt samarbeid, til beste for Musea i Sogn og Fjordane.


Sandane, 23. februar 2016



Harry Mowatt
Styreleiar




Laura Kvamme
Nestleiar




Hanne B. Oftedal
Styremedlem



Olve Grotle
Styremedlem



Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem



Ingrid Norum
Styremedlem



Steinar Evebø
Styremedlem



Inge Bent Arnestad
Direktør

2. FAGLEG AKTIVITET I MUSEUMSASVDELINGANE

Strategiplan for Musea i Sogn og Fjordane, «*Innsikt i fortid – utsikt til framtid*», er styringsverktyet som skal sikre målretta og effektiv drift av museet, både som organisasjon og på avdelingsnivå. Strategiplanen definerer museet sine roller og oppgåver på generell basis ut frå gjeldande nasjonale og internasjonale retningslinjer. Vidare definerer den mål, delmål og tiltak for ulike tema.

Kulturdepartementets tilskotsbrev for 2015 har følgjande mål (utdrag);

“Samfunnsrolla eller samfunnoppdraget åt musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om korleis menneska forstår og samhandlar med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Dette er eit fagleg kjernesprørsomål som musea til kvar tid må vurdera og konkretisera.

Musea skal ha ei fagleg fri stilling som gjev handlingsrom for å stilla kritiske spørsmål om både fortida og notida. Dette krev armlengds avstand til offentlege styresmakter.»

2.1 Fornying/samfunnsrolle og fleirkultur

Strategimål:

Museet skal vere fagleg oppdatert og ha vilje og evne til å utvikle seg i takt med endringane i samfunnet.

Musea i Sogn og Fjordane har som delmål å motivere til utvikling på alle nivå i museumsdrifta og spele ei aktiv samfunnsrolle. Det å ta opp samfunnsaktuelle tema i lokalsamfunnet er et av tiltaka for å nå ut til nye målgrupper og ta del i samfunnsdebatten.

Sunnfjord Museum legg vinn på å markerer seg som kunnskapsbedrift og å vere ein samfunnsaktør, og det har vore samarbeid med mange eksterne aktørar. Museet har bidrige med ei rekke foredrag og kåseri, teke aktivt del i kulturminneplanlegging i kommunane og hatt prosjekt med helsesektoren, skular og organisasjoner. Samarbeidsformene har vore ulike der nokre har hatt base i museet sine samlingar, andre i eksterne miljø. Dette har vore utfordrande, men museet ser stor gevinst – og læring – i å ta del i større og mindre prosjekt der ikkje alle primært har eit musealt formål.

Norsk Reiselivsmuseum flytta inn i nytt bygg, eigd av Statsbygg, sommaren 2015, og skal etter planen opnas for publikum til sesongen 2016. Hovudtyngda av arbeidet i museet har i 2015 vore knytt til utvikling og ferdiggjering av nye faste utstillingar, som er tilpassa museumsbyggets spesielle arkitektur, og er i stor grad basert på digital teknologi. Utstillingsarbeidet har også vore knytt opp mot eit treårig utviklingsprosjekt «Digital reiselivshistorisk formidling», støtta av Norsk Kulturråd.

DHS-Sogn Folkemuseum arbeider med fornying av dei faste utstillingane, men brukte mykje ressursar i 2015 på NRM.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ei regional forankring, og for å utvikle det lokale må ein òg ha blikk på det nasjonale og internasjonale. Kunstmuseet har delteke i den internasjonale konkurransen «Award for young curators 2014» i samarbeid med MARCO, Museo de Arte Contemporánea de Vigo og FRAC Lorraine, Metz. Vinnarprosjektet, «The translators voice», vart kåra i 2014 og presentert i SFKM hausten 2015, som siste framsyningsstad.

I 2015 vart det sett i gong eit utviklingsprosjekt for Norsk Kvernsteinsenter og Kvernsteinsparken. Målet er å bygge ut og fornye parken til å bli ein viktig publikumsattraksjon i fylket. Innhaldskonseptet vart utarbeidd i 2015 som grunnlag for vidare arbeid med utformingskonseptet med finansieringssøk og realisering.

Kvernsteinmarknad Foto: Norsk Kvernsteinsenter



Kvernsteinsbrota i Hyllestad står på UNESCO si tentativer liste for verdsarv, men i juli 2015 avgjorde verdsarvkomiteen at nominasjonen må omarbeidast.

Samfunnsrolle og fleirkultur



Nordfjord Folkemuseum har eige utreiseprogram til skular og eldreinstitusjonar. Dei deltek på lokale arrangement, marknadar og seminar i heile regionen, og tilbyr formidlingsopplegg til grupper som tradisjonelt ikkje har vore synleg på museet, som eldre, funksjonshemma og framandkulturelle.

Felemakarverkstad Foto: Nordfjord Folkemuseum

Ved Kystmuseet legg dei vekt på samarbeid med lag og organisasjonar gjennom arrangement, temakveldar og bruk av museet som møteplass. Dei har eit tett samarbeid med opplærings-senteret i Flora kommune, og besøka har også fungert som kunnskapsutveksling.

Sunnfjord Museum har samarbeid med den kommunale helsesektoren om tilbod til dagsenter for demente som gjennom året deltok på ei rekke spesielt tilrettelagde besøk på museet, og med løpende oppfølging av ei styringsgruppe. Museet har samarbeid med mottakssentera om tilrettelagde omvisingar og aktivitetar for innvandrargruppene i Ølster og Førde.



Dagtilbod Foto: Sunnfjord Museum

Ved DHS-Sogn Folkemuseum arbeider dei systematisk for å nå ut til ikkje-etniske nordmenn og ivareta den fleirkulturelle dimensjonen i verksemda.



Udstillinga «Omsetjarens røyst» Foto: SFKM

Kunstmuseet ønsker å sjå utviklinga av internasjonale kontaktar og utstillingar som ein del av fornyings-arbeidet. Gjennom desse prosjekta får institusjonen og personalet høve til å utvikle seg.

I høve deltaking i utstillinga «Omsetjarens røyst» på Sogn og Fjordane Kunstmuseum, var den nederlandske videokunstnaren Nicoline van Harskamp ei veke i Førde for å lage ein ny episode til prosjektet sitt «Emergency English». Ønsket hennar er å finne ut meir om prosessen med språklæring i ein naudsituasjon; som t.d. hjå folk som dverre har opplevd situasjonar med høgt trykk på flukta til Nord-Europa.

I samtale med flyktningar i Førde og Jølster, prøvde ho å kartlegge kva som kjenneteiknar "kriseengelsk" og kva det kan ha å seie for framtida til det engelske språket.

Faglege museumsnettverk

Hovudpremissane for museumsreforma byggjer på tre hovudpremissar:

- lokal forankring
- regional konsolidering
- nasjonal nettverksbygging

Eit overordna mål er at alle musea som får statlege driftstilskot, skal inngå i eit nasjonalt nettverk som skal legge til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverke konkurrerande overlapping og dermed sikre fagleg samanheng og god ressursutnytting.

Musea i Sogn og Fjordane deltar i følgjande nasjonale nettverk:

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskeri og kystkultur - Fiskerinettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap (DHS-SF er hovudansvarleg museum)
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design - Kunstnettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for magasin og bevaring
- Nasjonalt museumsnettverk for museer og samtidshistorie – Samtidsnettverket

Andre nettverk/samarbeidspartar:

- Museumsforbundets seksjon for formidling / seksjon for kunst / seksjon for leiing
- Foreningen Norske Kunstsenter
- Nasjonalt museumsnettverk for bygg
- Nasjonalt nettverk for kvernsteinskommunane
- Vestlandsk nettverk for «Reiseliv i Industriens Vugge»
- Nettverk om Kystpilegrimsleia
- Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurssenter
(Nordfjord Folkemuseum har eplehage med gamle fruktsortar)
- Samarbeidsavtale med NVEs Museumsordning
- (Nordfjord Folkemuseum samarbeid. med NVE s Museumsordning)
- Partnerskapsavtale med Firda vidaregåande skule og realfagsenteret – Newtonrommet
- (Nordfjord Folkemuseum nyttar anlegget aktivt i formidlinga)

DHS – Sogn Folkemuseum er ansvarleg for drifta av Det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap, i nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Interne uformelle nettverk i MiSF:

Formidligruppa, forvaltningsgruppa og handverkargruppa

2.2 Forvaltning

Strategimål:

Museet skal vere eit viktig samfunnsminne, gjennom systematisk å samle inn, bevare og gjere tilgjengeleg materielle og immaterielle minne for noverande og framtidige generasjonar

Musea i Sogn og Fjordane forvaltar over 120.000 gjenstandar, fordelt på kulturhistoriske, naturhistoriske og kunsthistoriske gjenstandar, 3 flytande farkostar, 140 båtar som ligg på land og 192 kulturhistoriske bygg med ei samla grunnflate på over 14.000 m². Til saman er 13 av desse

bygningane som er plasserte på Sunnfjord Museum, DHS - Sogn Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane, automatisk freda eller vedtaksfreda. Fotosamlinga har passert 61.000 fotografi.

Samlingsforvaltning er prioritert og i tråd med statens føringer samt tilbakemeldingar, jf. kartleggingsprosjektet «Landsomfattande Tilstandsregistrering av museumssamlingar», 1999-2007 . Det er viktig å tenke heilskap i samlingsforvaltning for å kunne få til gode prioriteringar i arbeidet. Eitt av tiltaka i strategiplanen er å utarbeide ein overordna forvaltningsplan som vil legge føringer for lokale samlingsplanar for alle avdelingane.

Samlingane / Tilvekst og avhending

Nordfjord Folkemuseum har engasjert Hardanger Fartøyvernsenter til å lage ein rapport kring Holvikejekta og kvalitetssikre planar for nytt bevaringsbygg. I 2015 har NFM gjennomgått alle båtane på museet for vurdering om bevaring eller avhending, og registrert båtane digitalt. Kunstsamlinga i kunstnarheimen Jotun i Florø er sett i stand, registrert og arkivert innbu. Delar av gjenstandane som er samla inn på Vågsberget, er registrert, fotografert og pakka for magasinering.



Gjenstandregistrering Foto: Kystmuseet

Sunnfjord Museum har lagringsareal med dårleg standard, men gjenstandssamlinga vert forvalta godt etter tilhøva. Tekstilsamlinga er svært bra, med eit stort 1800-talsmateriale. Museet har ei stor samling etter fotografen Olai Fauske. Under føresetnad av tilskot frå Norsk Kulturråd og Førde kommune, planlegg museet å registrere og digitalisere fotosamlinga i samarbeid med Fylkesarkivet.

DHS-Sogn Folkemuseum har katalogiserte 88 gjenstandar. Det er registrert 120 gjenstandar frå Svein Vold sine katalogar og 60 tidlegare registreringar er retta opp.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har auka samlinga med om lag 40 verk i 2015. Museet har arbeidd med innkjøp av ei samling måleri av Knut Rumohr frå perioden 1948-1998. Innkjøpet vert gjort med ei gave på kr. 400.000,- frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. I tillegg til eigne midlar er det søkt om gaveforsterking på kr. 100.000,- frå Kulturdepartementet.

Slettemark-utstillinga var basert på innlån frå private eigarar, like eins var det fleire innlån, mellom anna frå Moderna Museet i Stockholm til utstillinga «Omsetjarens røyst».

I samband med Hans E. Kinck jubileet lånte museet ut Astrup sine Kinck-illustrasjonar til Kabuso si utstilling med Astrup og Egner sine illustrasjonar. Egner sine verk og bøker vart lånt av familien i samband med at utstillinga vart synt fram på Astrupunet i sommarsesesongen. Museet låner ut verk til Sparebankstiftelsen DnB si lansering av Nikolai Astrup med utstillingar i England, Tyskland og Norge i 2016.

Bevaring og konservering

MiSF har ikkje eigne tilsette med formell kompetanse innan konservering, men har over tid tileigna seg god realkompetanse i preventiv konservering. Ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ein kompetanse, med utdanning i konkonservering og læretid ved Bergen Kunstmuseum si konserveringsavdeling til å konserve og restaurere måleri. Kjøp av eksterne konserveringstenester frå etablerte faginstitusjonar, er elles i tråd med strategiplanen og sentrale føringer.

Sikring

Fire av museumsavdelingane har sikringsplanar. Alle sikringsplanar vert lagt inn i eit nettbasert styringsprogram for oppfølging av internkontroll, før godkjenning. Sikringstilhøva for musea sine gjenstandssamlingar varierer frå gode og sikra i nærmagasin, for dei avdelingane som har det, til lite tilfredsstillande tilhøve for samlingar. Med eitt unntak er det er montert alarmanlegg i alle administrasjons- og utstillingsbygg. Med tanke på publikum sin ferdsel i steinbrotslandskapet, er det i 2015 utarbeidd plan for sikring av stiane i Kvernsteinsparken. Arbeidet vil bli gjennomført våren 2016.

Digitalisering

Målet er at alle samlingsdata i musea etter kvart skal publiseras digitalt. Fotosamlingar som er digitaliserte, vart lagt ut på felles fotobase for Sogn og Fjordane. Arbeidet med å konvertere gamle manuelle gjenstandskatalogar inn i den digitale gjenstands-basen, har halde fram på DHS-Sogn Folkemuseum. Museet sin digitale bokkatalog er også tilgjengeleg på internett. Dei digitale gjenstandskatalogane er tilgjengeleg på internett via Digitalt Museum.

Kulturhistoriske bygningar

Ved Nordfjord Folkemuseum er loftet i Fargeriet isolert, golvet i Moritsstova er oppretta, avstiva og det vart sett opp ny etasjeomn.



Restaureringsarbeidet på Jensenbua ved Kystmuseet, som var definert som eit krisetiltak for å redde bygningen, vart fullført. På Bralandshuset, Bataldebua, sjøbua på Vågsberget, Vamråk sildesalteri og Jotun, vart det utført ulike restaureringstiltak. Langebua i Hellestad vart restauret etter skader frå sjø, og skulehuset i Oppedal fekk restauret pipa.

Autolinebåten Haugefisk vart slippa for å utføre restaureringarbeid.

Jensenbua Foto: Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Sunnfjord Museum har arbeidd planmessig med vedlikehald av kulturlandskap og bygningar i tillegg til kultur- og naturstien som i 2015 fekk tilført midlar til eit større skiltprosjekt. Oppretting av husmannsløa vart gjennomført, like eins vedlikehald på antikvariske bygg.

Det har vore gjort vedlikehaldsarbeid på antikvariske bygningar som prestegardsdøra, reparering av vasslekkasje på Elvhaug, taktekking av Råstaburet, og nedtaking og reparasjon av grisehuset i Indre Sogn-tunet ved DHS-Sogn Folkemuseum. Også på Kaihuset og Cooperhuset i Balestrand har det vore gjort vedlikehaldsarbeid.

Musea i Sogn og Fjordane samarbeider om ei rehabilitering av Astruptunet. Arbeidet utviklar seg positivt i samarbeid med Jølster kommune og Sparebankstiftelsen DNB. Undersøkingar i samband med ein rekonstruksjon av Astrup sin hage kom i gang i 2015 og vil strekkje seg over fleire år. Museet ønskjer etter kvart å kome i gang med ny registrering av dei kulturhistoriske samlingane og gjere forbeteringar i formidlingstilbodet. Jølster kommune ønskjer å legge til rette for betre parkering og tilkomst.

2.3 Forsking og kunnskapsutvikling

Strategimål: *Skape betre fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling gjennom forsking og kunnskapsutvikling.*

I strategiplanen til Musea i Sogn og Fjordane er forsking vurdert som ein viktig del av det faglege arbeidsområdet. Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling og skal sikrast gjennom auka forskingsamarbeid, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljøa. Ikkje alle avdelingar har eigne forskingsprosjekt, men deltek i samarbeidsprosjekt med andre museum og nettverk. Museumseiningane gir ut årbøker og/eller andre publikasjonar.

Kystmuset har publisert artiklar knytt til maritimt fagmiljø, og bidrige med innlegg på nasjonale konferansar med temaet knytt til utfordringar i restaureringa av museumsbygg, som følgje av endringa i klimatilhøva. Forskarar ved eksterne institusjonar, forfattarar og andre nyttar Sunnfjord Museum sine samlingar og sin kompetanse. Ein amerikansk kulturforskar har søkt Fullbrightstipend for å forske på kulturell markering blant somaliske innvandrarar i Noreg, lokalisert til mottak i Jølster. Museet er oppmoda til å vere vertsinstitusjon for dette arbeidet. Temaet som heilskapleg fell naturleg inn i det konsoliderte museet sine målformuleringar, og kulturelle symbol er sentralt i museet sitt interessefelt.

DHS – Sogn Folkemuseum har eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Forsking vert vurdert som ein viktig del av museet sitt arbeidsområde. Det er starta opp eit arbeid med ein hageplan for prestegardshagen. På Haukåsengi er det starta opp eit langsiktig forskingsprosjekt. Det er lagt ut fastruter der ein skal sjå på vegetasjonen i ein lenger tidsperiode. No i starten vil det vere å samle inn data, men på sikt skal dette analyserast. Prosjektet får støtte frå Fylkesmannen. I samarbeid med høgskulen og frivillige har ein dokumentert oppsetjing av lauvrauk. Sogn og Fjordane Kunstmuseum held fram med generell forsking i eiga samling og den regionale kunsthistoria. Det er eit mål at flest mogeleg av dei eigenproduserte utstillingane skal vere forskingsbaserte og formidle nye kunnskap eller aspekt ved utstillingane som vert presentert.

Forskningsprosjekt som er fullført i 2015:

- Magne Vangsnes utan tittel, Myndir nr 1/15, Forlaget Skald
- Forfattarar: Oddrun Midtbø, Ingrid Norum og Morten Johan Svendsen
- Publisert i samband med utstillinga Magne Vangsnes 70 år.
- «Omsetjarens røyst», utstillingskatalog. Forfattar: Martin Waldmeier. Forord; Béatrice Josse, Eléonore Jacquiau Chamska, Iñaki Martinez Antelo og Ingrid Norum.

Norsk Kvernsteinsenter avslutta i 2015 prosjektet «Geologien som verdiskapar» (2012 – 2015) som vart finansiert av Regionrådet i HAFS, HAFS-kommunane og Norges Geologiske Undersøkelse (NGU). Prosjektet beskriv den geologiske utviklinga for regionen vår dei siste 600 millionar år samt korleis denne kan formidlast.

2.4 Formidling

Strategimål:

Alle avdelingane i museet skal vere gode møteplassar, formidle kunnskap og gje spennande opplevelingar til publikum og brukarar i alle aldrar.

Musea skal gje både kunnskap og oppleveling og vere tilgjengelege for alle. Det er gjennom formidlinga at musea er mest synlege i gjennomføring av samfunnsoppgåvene sine. Den immaterielle dimensjonen i både handling og haldning er viktig i all formidling, og kunnskapsdeling, og er ein av grunnsteinane i publikumsarbeidet ved museet.

Nordfjord Folkemuseum tilbyr formidlingsopplegg for barnehageborn og elevar på alle årssteg, også folkehøgskulen har fått eit tilbod. Eplehagen på museet har blitt brukt i formidlingstilboda «Smaken



av eple» og «Eplepressing». Kulturløypa er brukt av blant andre Nordfjord Folkehøgskule på seminardag på museet. Elevar har delteke på opplegg som «Livet i gamle dagar» og «Spinne tråden». I 2015 har det vore arrangert familiedagar, temakveldar og konserter og utstillingsopninga med program, julemarknad og museet har også delteke på «Matamål». Kvar onsdag i sommarsesongen var det aktivitetsdagar på museet.

Aktivitetsdag Foto: Nordfjord Folkemuseum

Kystmuseet har faste tilbod til skuleklasser med «Sildeflekk», «Båtar og leik», «Mat i gamle dagar» og «Oljeutvinninga i Nordsjøen». I tillegg har skulane fått tilbod om omvising i faste og temporære utstillingar. Det er utvikla eit eige tilbod til skuleklassar frå Vågsøy på Vågsberget.

Autolinebåten Haugefisk har fått visningskvote og har eige opplegg med den lokale skulesekken i Bremanger kommune. Den var ein synleg formidlingsarena ved den store samlinga av veteranbåtar på «Fjordsteam» i Florø i august. «Lev vel» er eit prosjekt utvikla i samarbeid med fylkeskommunen og institusjonar i kommunane, for eldre og yngre demente. Ved Vågsberget var det utarbeidd ei utstilling med tema «sildefiske», med lokal forankring. Det var også utstilling og temakveld om «Viking(g)ull, Nord-Atlantisk Sau og Ull» ved Karin Flatøy Svarstad.

Den siste temakvelden i samband med markering av grunnlovsjubileet, var utsett til 2015 då temaet var «Riksvei 1», forteljingar om dei fyrtre fyra med kolbluss til i dag med elektroniske fyr, ved Jo van der Eynden. Andre temakveldar var i samarbeid med historielaget, der temaet var krigsminner og agentverksemad på kysten under krigen. Det har blitt laga nye informasjonsskilt til museumsområdet i Florø og på Vågsberget.

Nye infotavler Foto: MiSF



Musea i Sogn og Fjordane satsar no på større og meir systematisk marknadsføring, og det vil vonleg gje synlege resultat på sikt. Alle besøkande ved Sunnfjord Museum får tilbod om omvising. I publikumsundersøkinga som Musea i Sogn og Fjordane gjennomførte sommaren 2015, var det svært god respons både på mottaking, fagleg innhald, og presentasjon, like eins på vedlikehald og tilrettelegging i friluftsmuseet. Det viser at omvising er ei formidlingsform publikum set pris på. Det blir lagt vekt på å relatere livet i 1800-talstunet til aktuelle tema i samtidia. Heile året har det vore ståande tilbod til barnehagar og skular i regionen. Medan vidaregåande skular i regelen får opplegg og førelesingar spissa mot liner og aktuelle fag, har grunnskular og barnehagar innbakte aktivitetar knytte til utstillingar og tema. Museet har gjennomført ei rekke kulturhistoriske temakveldar med godt oppmøte, fleire konserter i samarbeid med andre og eit større jonsokarrangement ilag med lokale lag i nærmiljøet, og gjennomførte eit vellukka tredagars prosjekt med kolbrenning og blestring.

I sommarsesongen har DHS-Sogn Folkemuseum arrangert museumsonsdagar med lokale gjestekokkar som serverer kortreist tradisjonsmiddag der frivillige og museumstilsette viser tradisjonelt handverk, gardsarbeid og andre aktivitetar av ulikt slag. Museet har gjennomført 34 arrangement med ulike tema som appellerer til ulike publikumsgrupper. Museet sin strategi for å spela ei aktiv samfunnsrolle, er å tilby arrangement og utstillingar av ulikt innhald. Dette inkluderer å



ta opp samfunnsaktuelle tema. Museet tilbyr faste skuleopplegg tilpassa læreplanane og i tillegg opplegg som er tilpassa ulike behov. En har og eigne pedagogiske opplegg for høgskulestudentar og innvandrarrgrupper. For barnehagar har ein tre faste barnehagedagar med ulike aktivitetar kvar vår.

Formidlingsopplegg Foto: DHS-SF

Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ansvar for drifta av resepsjonen i Lærdal Kulturhus sommarsesongen 2015. Resepsjonstenesta omfattar dagleg drift av Sogn Kunstcenter, Norsk Villakssenter og Lærdal Turistinformasjon, og i nokon grad Lærdal Kulturhus. Auke i billett-inntekter og besøkstal skuldast dette prøveprosjektet. Ordninga var samla sett ikkje økonomisk berekraftig, og museet vurderer andre løysingar med Lærdal kommune for komande sesong.

Museet har hatt stor omvisingsaktivitet for skular og andre, og kunstgruppa og andre interesserte har fått omvising med utstillingskurator kvar søndag etter opning av ny utstilling. Gjennom året har museumseininger fleire arrangement med ulikt innhald for ei breiare målgruppe, for på denne måten å nå ut til lokalsamfunnet. Også fagtematiske samlingar i seminarform, har vore gjennomført med relativt god oppslutning.



Frå utstillinga «Omsetjarens røyst» Foto: SFKM

Utstillingar

